

UU skal ikkje ta standpunkt i konfliktsaker

25.01.2010



Klara Bakke (til høgre) reknar røyster i Gamleskulen måndag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Utvikling skal ikkje ta standpunkt i slike konfliktfylte saker som til dømes sandsaka. Det meinte eit klart fleirtal av dei 58 som møtte fram til årsmøtet i Gamleskulen måndag kveld. Det er lenge sidan det har vore så sterkt engasjement rundt ei sak i bygda,



Bjørn Olav Tveit (nummer tre frå høgre) fekk ikkje gjennom resolusjonsforslaget på møtet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

36 av dei som møtte fram utgjorde fleirtalet, medan 15 gjekk inn for resolusjonen mot sandtaket som var fremmått av fire oppsittarar og 7 røysta blankt. Fleirtalet slutta seg tileit forslag frå Klara Bakke. Ho presiserer overfor uskedalen.no at ho ikkje dermed ikke er imot at UU tar opp og held møte om aktuelle spørsmål i bygda. Før den endelege røystinga var det ei røysting der berre 9 var for at saka skulle utsetjast slik at ho kunne drøftast på eit spesielt møte. Styret hadde gått inn for dette fordi Trond L. Myklebust, som står bak

sandtakplanane, ikkje hadde høve til å delta på årsmøtet.

Ei prøvevotering aller først gav ikke noko eintydig svar på om UU burde uttala seg om saka.

Bjørn Olav Tveit la fram forslaget til resolusjon og meinte at denne saka var av ein slik art at UU burde uttala seg. Fordi ho gjev ein peikepinn om kva slags utvikling uskedelingane ynskjer.

- Det ligg eit viktig verdivalg i denne saka. Sandtaket vil påverka dei verdiene vi set høgt og skapa ei negativ utvikling. Sjølv sagt treng vi arbeidsplasser, men kva slags utvikling ynskjer vi, spurde Tveit.

Arne Terje Haugland minste om at kommunen sin frist foruttale til reguleringsplanen er utgangen av januar og meinte fristen for eit nytt møte ville bli knapp.

Møteleiar Magne Huglen svara: - Dei rir ikkje den dagen dei salar i kommunen, nokre ekstra dagar blir akseptert. Kristian Bringedal gjekk inn for utsetjing og viste til at resolusjonen er ei fråsegn medan reguleringsplanen krev ei grundigere uttale frå UU.

Bjørn Olav Tveit var imot utsetjing. Han minste om at denne saka har versert i 4 år og at det har vore gjeve brei informasjon.

Vidar Haugland sa at hvis saka blir utsett må ein veta at det blir akseptert av kommunen.

Kåre Guddal støtta utsetjing. Han meinte UU burde stille seg nøytral i denne saka fordi det ellers vil skapa splid i lang tid.

Det var Ivar Kåre Døssland einig i og spurde: - Bør UU blande seg inn i saka i det heiletatt?

Også Audun Eik var for utsetjing og betenkta over at UU skulle ta standpunkt.

Steinar Haugland var derimot for ei avgjerd omkring resolusjonen under årsmøtet.

Marit Hjønnevåg meinte at uskedelingane burde kanalisera sitt syn på saka gjennom interesseorganisaasjonane.

- Vi er ei lita bygd og bør ikkje bli splitta på ei slik enkelsak. UU kan fungera som ein informasjonskanal og ikke meina noko sjølv, meinte ho.

Bjørn Olav Tveit: - I 9 av 10 saker kan målsttinga til UU vera å føre folk nærmare kvarandre, men i ei sak kan motsetnadene vera så store at det må takast eit standpunkt. Ellers blir UU ein klubb for konfliktfrie saker.

Jane Haaranes: - Vi kan ikkje ta standpunkt i alle kontroversielle saker.

Hans Reidar Kjærland: - Dette er ei ørkenvandring der vi ikkje blir samde. Overlet dette til særlaga!

Av Ola Matti Mathisen